

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: YT/HS/JOL

Dato: 14.11.2017

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/17-19

## REFERAT HAUSTMØTET 2017 – HOPP-OG KOMBINERTKOMITEEN

**Stad:** Sogndal, Fosshaugane Campus  
**Tidspunkt:** Laurdag 11. november 2017, kl. 13.00 – 15.30

### Sakliste

**SAK 01** Godkjenning av innkalling og sakliste v/Henning Sæthre  
**SAK 02** Val av referent v/ Henning Sæthre  
**SAK 03** Terminliste 2017-2018 v/ Jon Ove Lomheim  
**SAK 04** Status Anleggsprosessar v/ Henning Sæthre  
**SAK 05** Kurs- og utdanningstilbud v/ Henning Sæthre  
**SAK 06** Økonomisk rapport v/ Yngve Thorsen  
**SAK 07** Eventuelt

**TIL STADES:** Henning Sæthre (HKK/ Sogndal IL), Jon Ove Lomheim (HKK/ Hafslo IL), Lars Kveen (HKK/ Stryn T&IL), Lars Brekke (HKK/ Vik IL), Jo Marius Bøyum (Sogndal IL), Jan Inge Årdal (HKK/ Jølster IL og Kari Gjelsvik (Jølster IL).

**FORFALL:**

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---

**SAK 01** **Godkjenning av innkalling og sakliste v/Henning Sæthre**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**  
Haustmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 02** **Val av referent v/ Henning Sæthre**  
**Bakgrunn**  
Leiar i hopp- og kombinertkomiteen, Henning Sæthre, gjer framlegg om Jon Ove Lomheim som referent.

#### **VEDTAK**

Haustmøtet godkjenner framlegget.

#### **SAK 03**

#### **Terminliste 2017-2018 v/ Jon Ove Lomheim**

##### **Bakgrunn**

Hopp- og kombinertkomiteen sine rammer for terminliste 2017-2018 vart drøfta i samband med Vårsmøtet, 17. juni 2017.

Etter dette har komiteen utarbeida framlegg til terminliste. Framlegget er sendt til høyring i laga med svarfrist 01. november 2017.

Høyringsframlegg til terminliste er vedlagt.

#### **VEDTAK**

Haustmøtet vedtek Terminliste Hopp-/ kombinert 2017-2018 utan endringar i møtet. Terminlista vert oversendt administrasjonen for vidare handsaming. Henning og Jon Ove avklarar om Møre & R vil vera med i Vestlandscupen. Deretter arbeide for ein sponsor for cupen som kan vera felles for krinsane.

#### **SAK 04**

#### **Status Anleggsprosessar v/ Henning Sæthre**

##### **Bakgrunn**

- 1) Gjennomført møte/ synfaring vedr. etablering av to mindre hoppbakkar (SIMEK) i Sogndal Skisenter 07. september. Notat frå møtet/ synfaringa er vedlagt.  
Det vert oppfølgingsmøte med Sogndal Skisenter 15. november 2017 på Fosshaugane Campus (Henning og Jon Ove møter frå komiteen).
- 2) Gjennomført møte/ synfaring i Kleiva Hopanlegg vedr. rehabilitering/ modernisering av anlegget. Notat frå møtet/ synfaringa er vedlagt.
- 3) Gjennomført møte/ synfaring i Stryn 01. november 2017 vedr. etablering av rekrutteringsbakke K8-10 i Stryn sentrum. Notat frå møtet er vedlagt.
- 4) Det er planlagt møte med Førde kommune vedr. etablering av rekrutteringsbakkar i Hafstad Idrettspark. Tidspunkt for møtet er ikkje endeleg avklara.
- 5) Skikrinsen bør arbeide vidare med rekrutteringsanlegg tilsvarande Førde og Stryn i andre bygde- og kommunesenter.

#### **VEDTAK**

Haustmøtet tek prosessane til orientering

#### **SAK 05**

#### **Kurs- og utdanningstilbod v/ Henning Sæthre**

##### **Bakgrunn**

I samarbeid med Gyda Enger planlegg ein eit Trenar I kurs i hopp vinteren/ våren 2018.

Førebels har ein ikkje klarlagt eksakte tidspunkt for kurset.

Behov/ ynskjer for andre typar kurs- og utdanningstiltak?

**VEDTAK**

Henning og Yngve arbeider vidare med plan for eit trenar 1-kurs.

**SAK 06**

**Økonomisk rapport v/ Yngve Thorsen**

**Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017 vart presentert av adm. i møtet.

**VEDTAK**

Haustmøtet tek rekneskapsrapporten til orientering.

**SAK 07**

**Eventuelt**

1) Avtale med Vikersund – Støtte for dugnad i skiflygingsrennet  
Jan Inge (eventuelt saman med Yngve) arbeider vidare med Vikersund om  
avtale.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Henning Sæthre (s)  
Leiar HKK

Jon Ove Lomheim (s)  
Ref.